

Solheimsdalen Kraft AS
Solheimsdalen
5694 ONARHEIM

Vår dato: 03.05.2024

Vår ref.: 201906032-10 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til regulering av Dalsætervatnet i Tysnes kommune i Vestland

Vi viser til søknad daterte 28.06.2019 om løyve til regulering av Dalsætervatnet i Tysnes kommune i Vestland fylke.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til regulering av Dalsætervatnet. NVE meiner at kriteria i vassressurslova § 25 er oppfylte. Etter vår vurdering er fordelane for allmenne og private interesser større enn skadar og ulemper ved tiltaket.

Ei regulering av Dalsætervatnet vil bidra til å auke produksjonen i Solheimsdalen kraftverk, og gi større fleksibilitet til å nytte vatnet i nedbørsfeltet. Ei reguleringshøgde på 2 m som omsøkt vil gi synlege reguleringssonar i eit svært viktig regionalt friluftslivsområde. Etter NVE sitt syn er dei største konsekvensane av ei regulering av Dalsætervatnet knytt til landskap, friluftsliv og brukarinteresser. Vi legg også noko vekt på naturmangfald, av omsyn til den oseaniske nedbørsmyra av lokal verdi, og akvatisk liv i Dalsætervatnet og langs elva nedstraums. NVE meiner at med avbøtande tiltak vil dei negative konsekvensane av tiltaket bli tilstrekkeleg redusert. NVE gir difor løyve til å regulere Dalsætervatnet mellom kote 333,8 og 334,8, med vilkår om slepp av minstevassføring og at tiltaket blir bygd veglaust. Med ei reguleringshøgde på 1 m vil vasstandsendringane være nærare naturleg tilstand, samtidig som kraftproduksjonen i Solheimsdalen kraftverk vil auke med om lag 1,1 GWh/år.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte notat: *Bakgrunn for vedtak*. Merknadene til vilkåra i dette notatet inneheld krav til utforming av anlegget.

Løyvet gir ikkje ekspropriasjonsløyve. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til eventuelle andre rettshavarar i området.

Før du byggjer reguleringsdam i Dalsætervatnet må du:

- **Søkje om å få vedtak om konsekvensklasse for dam**

Konsekvensklassen avgjer kva tryggingsskrav som blir stilte til planlegging, bygging og drift av reguleringsdammen, og må vere avklart før arbeidet med tekniske planar startar. Regelverk, retningslinjer og rettleiarar for klassifisering og tekniske planar for



vassdragsanlegg finst på: <https://www.nve.no/damsikkerhet-og-energiforsyningsberedskap/damsikkerhet/regelverk/>.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta detaljplanen til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse for dam og vassveg.

- **Få godkjent detaljplan**

Ein detaljplan for miljø og landskap er ei grundig beskriving av tiltaket, og korleis det skal utførast. Anleggsarbeid må ikkje setjast i gang før detaljplanen er godkjend av NVE. Tiltakshavar har ansvar for at detaljplanen er i samsvar med konsesjonen, og dessutan kommunal reguleringsplan og/eller arealplan. NVE sin rettleiar 4/2018 «Rettlear til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga» og NVE sin digitale rettleiar «Detaljplan for vassdragstiltak – Miljø og landskap» er tilgjengelege på <https://www.nve.no/energi/tilsyn/miljoetilsyn-vassdragsanlegg/>.

Søknad om detaljplan blir send til NVE sitt miljøtilsyn, som vil følgja opp anlegget i plan-, anleggs- og driftfase.

Idriftsettelse

Når kraftverket blir sett i drift, skal følgjande skjemafylles ut og blir sendt til NVE: «Melding om idriftsetjing nye vasskraftverk eller opprustings- og utvidingstiltak i eksisterande kraftverk».

Skjemaet er tilgjengeleg på <https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>

Kraftverk med generatoryting over eller lik 100 kVA har registreringsplikt etter skattelovgevinga. All kraft produsert i slike anlegg er også avgiftspliktig. Meir informasjon finst i «Årsrundskriv for avgift på elektrisk kraft», tilgjengeleg på <https://www.skatteetaten.no>.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om klagetilgang

Med helsing

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarleg

Brit T. Haugen
fagleiar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

**Mottakarliste:**

Solheimsdalen Kraft AS

Kopimottakarliste:

Tysnes kommune

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av ED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Energidepartementet (ED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.